



Ole Martin Gilbu med storlaksen.

**- Så skulle det bli min livs kamp mot en laks. Jeg har opplevd mye rart med årene når det kommer til å flexe laks, men aldri vært i nærheten av oppførselen til denne fisken. Det er eit kort utdrag av skildringa Ole Martin Gilbu har av fiskeopplevingane sine i Uskedalselva sist helg på bloggen sin [fiskejegeren.com](http://fiskejegeren.com).**

Ole Martin Gilbu er lidenskapeleg sportsfiskar som i løpet av sesongen fiskar i mange elvar. I tillegg deler han gode fiskeopplevingar på bloggen sin, og gjennom gode filmar som vi også har lagt ut fleire av her på sida. Han har mange gonger besøkt Uskedalselva, og han kjenner den svært godt. Gjennom bloggen og filmane sine har han presentert mykje god Uskedalsreklame.

Blogginnlegget frå sist helg vert innleia slik:

- Det er fortsatt litt laksesesong igjen for min del og i denne årstiden pleier jeg å ta noen korte turer til de små elvene på Vestlandet. En elv jeg liker særdeles godt og som jeg gjerne prøver å få noen turer til hver sesong er en liten elv i Kvinnherad. En elv som trenger nedbør for at det skal bli noe drag i fisket. Nedbør ble det og særlig dagen før jeg kom så hadde det vært flom i elven. Kommer mer om turen lenger ned i innlegget.

Vi har tidlegare skrive her på uskedalen.no at han i løpet av helga fekk årets største laks på 11 kg samt ein del andre fiskar. På [www.fiskejegeren.com](http://www.fiskejegeren.com) kan de lesa meir om den opplevingsrike helga han hadde [ved Uskedalselva her](#). I tillegg finn de mykje anna interessant frå ein av dei mange som har oppdaga opplevingane elva vår har å by på.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Foto: Ole Martin Gilbu.